



Nestleiar i indremisjonen Jan Tvedt sel årer under basaren fredag kveld. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ein av dei mest tradisjonsrike tilskippingane i Uskedalen er bedehus-basaren. Han vart halden fredag kveld og gav eit nytt, imponerende resultat: 28.000 kroner.

Denne basaren er halden minst så lenge som bedehuset har eksistert, seier veteranane i indremisjonen. Gunnar Kjærland kan minnst at han i si tid kjøpte årer for 10 øre!

I fjor vart det sett basar-rekord med 38.000 kroner og resultatet i år ligg an til å bli det nest beste gjennom historia. At 30.000 vil bli passert med god margin er det ikkje tvil om då den verdfulle hovudgevinsten enno ikkje er trukke. Det er forkle og sjal til ei kvinnhersdrakt.

- Finanskrisa har enno ikkje slege ut hjå oss, vart det noko spøkefullt sagt etter basaren.

Basaren var triveleg og tankevekkjande og frammøtet var svært godt - det var meir enn 60 til stades då åresalet starta.

Avviklinga av basaren var prega av den store rutine som arrangørane naturleg nok sit inne med

Kveldens andaktshaldar var Jostein Skutlaberg som stilte det evige spørsmål: Kva er kjærleik?

Av Ola Matti Mathisen



Jostein Skutlaberg var andaktshaldar under basaren. (Foto: Ola matti Mathisen)